



## RETNINGSLINJER FOR TRENINGS-/DELTAKEAVGIFT – HAFSLO IDRETTSLAG

- Hafslo Idrettslag har vedtak om betaling av trenings-/deltakaravgift. Satsane varierer ut frå alder. Trenings-/deltakaravgifta kjem i tillegg til medlemskap (medlemskontigent).
- Styret vurderer årleg satsane for trenings-/deltakaravgift i samband med årsrekneskapen. Særgrupper som har innspel til endring av satsar sender desse til leiar.
- Trenings-/deltakaravgifta skal reknast som ein eigendel for at idrettslaget betalar påmeldingar, reiser/ferjekort og andre utgifter etter **idrettslaget sine retningslinjer**. Dersom trenings-/deltakaravgifta ikkje er betalt, har utøvaren ikkje rett til å få dekt utgifter frå idrettslaget.
- Alle særgrupper må sende namneliste over utøvarar som er med på treningar og/eller konkurransar i regi av idrettslaget. Desse oversiktene dannar grunnlag for utsending av krav om trenings-/deltakaravgift.
- Utøvarar som er med på fleire aktivitetar i regi av idrettslaget, betalar berre ei trenings-/deltakaravgift.
- Innbetalt trenings-/deltakaravgift vert fordelt på dei ulike særgruppene sine budsjett ut i frå tal deltakarar.

### Satsar for treningsavgift/deltakaravgift, sesongen 2020

Fødd 2015 – 2020, 0-5 år, kr 0

Fødd 2011 – 2014, 6 – 9 år, kr 250

Fødd 2006 – 2010, 10-14 år, kr 500

Fødd 2001 – 2005, 15 -19 år, kr 750

Senior fotball damer, kr 1000 (ikkje damelag 2019)

Senioridrett (utanom fotball), kr 1000

Senior fotball herrer, kr 1500 (frå 20 år og oppover)